

Tariffar gjeldande frå 1/1-2022

Oppdatert 17/12-2021

Prisar inkl. energiavgift til energifondet (ENOVA) og mva							
Privatkundar	Tariff	Fastledd	Energiledd øre/kWh*	Rabatt 1/1-30/6 øre/kWh	Forbruksavgift låg sats (jan- mars) øre/kWh	Forbruksavgift høg sats (april- desember) øre/kWh	Merknad
Hushald og fritidsbustadar, rorbu m.m.	H4	3 500,-	32,26*	8	11,14	19,26	Hovudsikring over 125A/230V eller 80A/400V etter særleg løyve Kan og brukast til fellesmålte gardsbruk dersom forbruket for hushald er større enn for gardsdrifta.
Mindre anlegg (Forbruk < 1000kWh pr år)	H5	1 344,-	247,63*	8	11,14	19,26	Maksimum hovudsikring 25A (Tariffen er ikkje rekningsvarande ved større forbruk enn ca. 1000kWh)
Tidsdifferensiert tariff m/12 mnd. bindingstid	H4 vinter	3 600,-	32,48*	8	11,14	19,26	1/10-30/4 Maks 125A/230V eller 80A/400V hovudsikring
	H4 sommar	3 600,-	36,89*	8	11,14	19,26	1/5-30/9 Maks 125A/230V eller 80A/400V hovudsikring
Vegljos utan målar	H1	Kr. 859 pr. kW/år	34,13*	8	11,14	19,26	Det skal nyttast fotocelle. Berekna forbrukstid er 4000 timer. For anlegg utan fotocelle aukast brukstida. Målte vegljos skal nytte H4 eller H5 tariff

*inkl. 1,25 øre/kWh i avgift til energifondet ENOVA

Prisar inkl. mva			
Innmating	Tariff	Energiledd innmating øre/kWh	Merknad
Plusskundar yting 0 til maks 100kW (Eksempelvis Solcelleanlegg)	Pluss NH =H4	-0,5	Bømlo Kraftnett betaler for innmating av overskotsproduksjon. For å kunne selje overskotskraft, må du som plusskunde velje ein kraftleverandør som handterer både produksjon og forbruk. Det er ikkje alle kraftleverandørar som har avtaler for plusskundar. Dersom du har en kraftleverandør som ikkje handterer produksjon, vil du få beskjed om å bytte kraftleverandør.

	Prisar inkl. energiavgift til energifondet (ENOVA) eks. mva og forbruksavgift								
Næring**	Tariff	Fastledd pr. år	Effektledd kr/kW/mnd		Energiledd øre/kWh	Rabatt 1/1-30/6 øre/kWh	Forbruksavgift låg sats (jan-mars) øre/kWh	Forbruksavgift høg sats (april-desember) øre/kWh	Merknad
			Vinter 1/10-30/4	Sommar 1/5-30/9					
Effektmålt - Høgspent	T2	30 800,-*	92	35	13	6,4	8,91	15,41	
Effektmålt – Lågspent 0-100 kW	T3.1	12 800,-*	81	54	13,5	6,4	8,91	15,41	
Effektmålt – Lågspent 100-200 kW	T3.2	12 800,-*	77	46	13,5	6,4	8,91	15,41	
Effektmålt – Lågspent 200-9999 kW	T3.3	12 800,-*	48	19	13,5	6,4	8,91	15,41	
Energimålt	T4	3 600,-*			24,81	6,4	8,91	15,41	Hovudsikring maks 125A/230V eller 80A/400V
Vegljos utan målar	T1	800,-*	Kr. 687,- pr KW/år		26,3	6,4	8,91	15,41	Det skal nyttast fotocelle. Berekna forbrukstid er 4000 timer. For anlegg utan fotocelle aukast brukstida. Målt veglys nyttar T3 eller T4 tariff
Reaktiv effekt			18,5	14,5					

*Avgift til energifondet ENOVA på 800,- er inkludert

**Krev registrering som næringskode

			Prisar inkl. energiavgift til energifondet (ENOVA), mva og forbruksavgift						
Særtariffar	Tariff	Til- og fråkopling	Energiledd øre/kWh	Rabatt 1/1-30/6 øre/kWh	Forbruksavgift låg sats (jan-mars) øre/kWh	Forbruksavgift høg sats (april-desember) øre/kWh	Leige skåp	Merknad	
Byggjestraum 35A sikring	S1	2 000,-	32,26*	8	11,14	19,26	Kr. 15,- pr dag	Byggjestraum må tingast minst 14 dagar før oppkopling. Leiga vert rekna frå oppkopling til oppseiingsdato. Om det må byggjast linje fram, må kunden dekkje kostnaden med dette.	
Byggjestraum 63A sikring	S2	2 000,-	32,26*	8	11,14	19,26	Kr. 17,5,- pr dag		
Større provisoriske anlegg	Sjå tariff T3 eller T4						Byggherre må sjølv halde arrangement og betale alle kostnader med til- og fråkopling.		
Målar utan kommunikasjonsmodul	Kr. 1 500,-/år						Skal dekke meirkostnad med manuell registrering		

*inkl. 1,25 øre/kWh i avgift til energifondet ENOVA

Tenester levert av nettselskapet

Type oppdrag	Pris
Forsterking, flytting eller omlegging	Rekningsarbeid
Nye prosjekt initiert av kunde	Anleggsbidrag etter tilbod. Maks 15% over gitt tilbod
Utgreiing av kapasitet i nettet	Bømlo Kraftnett kan ta seg betalt for utgreiing av tilknyting når effektbehov og plassering ikkje er rimeleg avklart. Betalinga skjer etter reell kostnad. Vidare utgreiing og konsesjonshandsaming skal og dekkast av kunde.

Avgifter til staten

For hushaldstariffar er avgiftene inkludert i nettleiga. For næringstariffane kjem avgifter i tillegg med følgjande satsar: Forbruksavgift låg (jan-mars) 8,91 øre pr. kWh eks. mva. Forbruksavgift høg (april-desember) 15,41 øre pr. kWh. Forbruk til direkte produksjon har ei redusert forbruksavgift på 0,546 øre/kWh. Meirverdiavgift 25 %. Me tek etterhald om endringar i offentlege avgifter. Eventuelle endringar i offentlege avgifter vil gi tilsvarende endring i nettleigetariffen.

Enova avgift. For hushald skal påslaget utgjere 1 øre/kWh eks moms. For andre sluttbrukarar enn hushald skal påslaget utgjera 800 kr/år eks. moms per målepunkt-ID. Avgifta på 800 kr er innarbeid i fastleddet.

Standard vilkår:

Generelt gjeld standard vilkår for tilknyting, nettleige og levering av elektrisk kraft. For næringslivskundar gjeld standard vilkår for tilknyting- og nettleigevilkår for næringskundar. Desse finn du på www.nett.finnaskraftlag.no

Oppseiing eller endring av abonnement

Dersom nettkunden flyttar, eller på annan måte blir avstengd frå å nytte nettet, kan avtalen seiast opp med 14 dagars varsel. Ved manglende oppseiing av avtalen er nettkunden ansvarleg for nettleiga inntil nettselskapet får lese av målaren eller har inngått avtale med annan nettkunde. Dersom nettselskapet også leverer kraft etter reglane om leveringsplikt, gjeld tilsvarende for kraftsalet. Same tidsfristen gjeld også for endring av abonnement. For abonnement som ikkje er oppsagde må fastsum og effektpolis betalast for heile året sjølv om anlegget ikkje har vore i bruk

Større utstyr

Ved installasjon av større utstyr som ladestasjonar, sirkelsager, motorar, sveiseapparat eller anna utstyr som lagar særlege forstyrningar på nettet, må Kraftlaget varslast og gi løyve til installasjonen. Kraftlaget kan og krevje installasjon av kompenserande utstyr for apparat som har låg effektfaktor. Dersom det syner seg at apparat skaper forstyrningar på nettet som av omsyn til andre kundar ikkje kan aksepterast, må eigaren kosta nødvendig forsterkning eller andre avbøtande tiltak.

Førehandsmelding

Alle nye installasjonar, endring av overbelastningsvern og arbeid i målepunkt skal førehandsmeldast til Bømlo Kraftnett.

Vanlege storleikar på overbelastningsvern (OV) for private anlegg:

Bustad/leilegheit/fritidsbustad: IT 230V, OV 3x50. TN 400V, OV 4x40A.

Naust: IT 230V, OV 3x40. TN 400V, OV 4x32A.

Ynskjer ein større OV enn ovanfor, ynskjer me at ein grunngjev det i ein kommentar i førehandsmeldinga, eller kommunisert til oss på annan måte. Dette gjeld også ved endring av OV.

Når det gjeld definisjon av bygning, brukar me bygningstype som definert i matrikkelen.

Anleggstilskot

Anleggstilskotet vert rekna ut etter forskrifter fastsett av NVE. Bømlo Kraftnett krev anleggstilskot for å dekka anleggskostnadane ved nye nettilkoplingar eller ved forsterking av nettet til eksisterande kundar. Kostnaden kvar einskild kunde skal betala er samansett av kundespesifikke kostnader pluss eventuelt del av kostnadane for felles anleggsdelar. Felles anleggsdelar er anlegg som forsyner fleire kundar, og vil kunne omfatta nettstasjon inklusiv transformator og brytaranlegg, høg og lågspentlinjer, kablar og fordelingsskap. Effektbehovet er dimensjonerande når me byggjer nettanlegg. Kostnadane for felles nettanlegg vert difor delt mellom kundane i høve til den einskilde sitt behov for effekt. Anleggsbidrag må vera fullt innbetalt før anlegget vert sett i drift. Dersom kunde ikkje er einig i berekninga av anleggsbidrag, kan saka bringast inn for reguleringsmyndighet for energi (RME tidlegare NVE)

Erstatning ved langvarig avbrot:

Sluttbrukar har rett på automatisk utbetaling av kompensasjon ved svært langvarige avbrot, jfr § 9A-2 i kontrollforskrifta. Svært langvarige avbrot er definert som avbrot som varer i meir enn 12 timer, og storleiken på beløpet er:

- a) Kr 600 for avbrot til og med 24 timer
- b) Kr 1.400 for avbrot over 24 timer og til og med 48 t.
- c) Kr 2.700 for avbrot over 48 timer til og med 72 timer.

For avbrot ut over 72 timer skal ein gje eit tillegg på kr 1.300 for kvar nye påbegynte 24-timars periode som avbrotet varer.

For fritidsbustadar skal ikkje utbetalinga overstige forventa innbetaling av nettleige.

Betaling:

Avrekning av nettleige skjer etter "forskrift om måling, avrekning og samordnet opptreden ved kraftomsetning og fakturering av nettenester" fastsett av NVE. Kraftlaget sender ut rekningar kvar månad. Små anlegg (veglys og naust med svært lite forbruk vil kunne få faktura berre 1 gang i året. Anlegg som manglar avlesing vil bli stipulert. Forfallsdato på faktura er den 1.kvar månad. Ved for sein betaling vert det lagt til renter i medhald av Lov om rente ved forseinka betaling. Forseinkingsrenta vert fastsett kvart halvår av finansdepartementet. Sats gjeldande frå 01.01.2021 er 8 %. Ved utskriving av ekstra betalingsvarsel vert kunden belasta med eit purregebyr i samsvar med inkassoforskrifta, pt kr 35,-. Dersom purring ikkje vert betalt innan fristen vert kravet oversendt inkasso, og det vil påløpe inkassokostnadene. Kundar som ikkje betalar etter motteke stengevarsel, må rekna med å verta utkopla. Kundane må dekka den reelle kostnaden med utkoplinga (opningsgebyr), minimum gebyr kr.1.000 avgrensa opp til kr 1500,- i ordinær arbeidstid og Kr. 2500,- etter arbeidstid. Minimumsgebyr vert nyttta ved fjerntilkopling

Leveringsplikt/Ventetariff.

Leveringsplikt er ei ordning som pålegg nettselskapet å levere kraft fram til kunden har inngått avtale om kraftleveranse frå ein ordinær strømleverandør. I slike situasjoner får kunden automatisk – som følgje av leveringsplikta – straum frå Bømlo Kraftnett. Prisen for kundar på leveringsplikt er regulert av NVE sine forskrifter. Dei første seks vekene er prisen spotpris, pluss eit påslag på 6,25 øre/kWh. Etter dei seks første vekene er prisen spotpris pluss 11 øre/kWh. Dette er ein kostbar tariff og vi oppmodar alle kundar om å få ein ordiner avtale snarast mogleg etter tilkopling. Om ein kunde som hamnar på plikt tariff er plusskunde, vil innmating bli kompensert med spotpris minus 6,25 øre/kWh. Etter seks veker vil ein trekke frå 11 øre/kWh.